

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
049/15	Formannskapet	PS	22.04.2015
044/15	Kommunestyret	PS	20.05.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Torleiv Frotjold	FA - A00, TI - &20, HistSak - 10/1226	14/1230

8-13 skule - konklusjon frå arbeidsgruppa og vedtak i Hordaland fylkesting

Vedlegg

Rapport-8-13 samarbeid Austrheim

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar vedtaket av 11.03.2015 i Hordaland fylkesting om 8-13 skule i Austrheim til vitande, og ber rådmannen starte arbeidet med å etablere eit gjensidig forpliktande samarbeid mellom Austrheim kommune og Hordaland Fylkeskommune. Dette samarbeidet skal vere knytt til undervisning i eit 8-13 løp, og leggje eit godt grunnlag for at alle elevane skal kunne gjennomføre vidaregåande skule.

Formannskapet - 049/15

FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

FS - vedtak:

Kommunestyret tar vedtaket av 11.03.2015 i Hordaland fylkesting om 8-13 skule i Austrheim til vitande, og ber rådmannen starte arbeidet med å etablere eit gjensidig forpliktande samarbeid mellom Austrheim kommune og Hordaland Fylkeskommune. Dette samarbeidet skal vere knytt til undervisning i eit 8-13 løp, og leggje eit godt grunnlag for at alle elevane skal kunne gjennomføre vidaregåande skule.

Kommunestyret - 044/15

KS - behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunestyret tar vedtaket av 11.03.2015 i Hordaland fylkesting om 8-13 skule i Austrheim til vitande, og ber rådmannen starte arbeidet med å etablere eit gjensidig forpliktande samarbeid mellom Austrheim kommune og Hordaland Fylkeskommune. Dette samarbeidet skal vere knytt til undervisning i eit 8-13 løp, og leggje eit godt grunnlag for at alle elevane skal kunne gjennomføre vidaregåande skule.

Saksopplysninger:

Saka Gjeld:

I sak 14/360 – Vidare arbeid med Utviklingsmelding for ein god og framtidretta skule, heiter det i punkt 4 i vedtaket:

”Når utgreiinga av 3-13 skule er gjennomført og konklusjonen klar, skal formannskap og kommunestyre ha saka til handsaming”

Saksopplysningar:

Sommaren 2014 sette fylkeskommunen ned ei arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å utgreie 8-13 skule i Austrheim. Første møtet i gruppa var sett til 29.08.2014. Møtet var lagt til Austrheim, med synfaring på dei aktuelle stadene der det kunne vere aktuelt å bygge skule. Ordførar Per Lerøy leia synfaringa. Rapporten frå dette arbeidet vart levert 26. november 2014. Sjå vedlagt rapport.

Medlemmar i arbeidsgruppa:

Frå Fylkeskommunen:

Odd Bjarne Berdal – prosjektleiar

Hillevi Elizabeth Runshaug – Regionleiar ved opplæringsavdelinga HFK

Sigrid Sve Låstad

Kjersti Haugland – rektor Austrheim vidaregåande skule

Frå Austrheim kommune:

Torleiv Frotjold – kommunalsjef oppvekst
Olav Mongstad – assisterende rådmann
Bodil Boie Brekkan – rektor Årås skule
Lars Even Mongstad – leiar i Utdanningsforbundet Austrheim

Rosalind Fosse (FrP) er saksordførar for prosjektet. Saka vart lagt fram for Fylkestinget 09.12..2014.

Samandrag frå rapporten – slik det kjem fram i saksutgreiinga til Fylkestinget:

“Hausten 2014 vart det oppretta ei arbeidsgruppe med medlemmer frå Hordaland fylkeskommune og Austrheim kommune som har sett på grunnlag og føresetnader for ein framtidig 8-13-skule i Austrheim. Føremålet for dette arbeidet har vore å lage eit grunnlag for politisk handsaming i Hordaland fylkeskommune (HFK), definere rammer for eit 8-13-samarbeid, og for å avgjere om partane ønskjer å gå vidare for å realisere eit slikt prosjekt.

Arbeidsgruppa har arbeidd utifrå følgjande mandat:

- 1. Vurdere lokalisering. Vurdere samlokalisering og grad av samlokalisering og samarbeid*
- 2. Innholdsmessig og fagleg modell for 8-13-samarbeid. Definere mål og kriterium for eit slikt samarbeid. JF melding til OPHE 13.05.14*

Det er to aktuelle geografiske plasseringar for etablering av ein 8-13-skule i Austrheim, Mastrevikane og Sætre marka. Austrheim kommune ser flest føremoner med Sætre marka. Uavhengig av eit 8-13-samarbeid vil ei opprusting av den vidaregåande skulen isolert sett krevje ei rehabilitering etter lågaste anslag på om lag 75 mil. kr. Tilgang på tilstrekkeleg tomtareal vert ikkje sett på som kritisk, uavhengig av lokalisering

Eit 8-13-samarbeid set truleg gode rammer for å nå målsetjingane om å auke gjennomføringa i vgs og auke læringsutbyttet for alle.

Så langt fylkesrådmannen erfarer, er det få ungdoms- og vidaregåande skular i Norge som har eit formalisert samarbeid kring opplæringa. Dei erfaringane som ligg føre, syner at samlokalisering legg til rette for at ein lettare kan ha felles rom og utstyr, tilby elevar på ungdomstrinnet fag på vidaregåande, og legge til rette for praktisk opplæring på ungdomstrinnet mot yrkesfag. Samtidig har det vist seg utfordrande å høyre til ulike forvaltningsnivå og krevjande å bygge felles skulekultur.

Framlegg til innstilling:

Det vert gjort formell avtale om gjensidig forplikting og samarbeid om undervisning i eit 8-13-løp mellom HFK og Austrheim kommune med utgangspunkt i skulen si noverande plassering i Mastrevikane. Naudsynt rehabilitering vert gjort. Fagtilbodet på Austrheim vert utvikla med utgangspunkt i det tilbodet skulen gir i dag (ALT 1).”

På grunn av stort saksomfang, vart denne saka utsett til Fylkesutvalet den 29. januar 2015 og til Fylkestinget 11. – 12. mars 2015.

Fylkestinget gjorde følgjande vedtak i møte den 11.03.2015:

Fylkestinget gjekk inn for alternativ 1 i arbeidsutvalet for 8-13-skule si utgreiing:

“Same lokalisering som i dag. Fagtilbodet vert utvikla med utgangspunkt i det tilbodet skulen gir i dag. Det vert gjort formell avtale om gjensidig forplikting og samarbeid mellom vgs og ungdomsskule. Samarbeidsmodell 2. Det vert føresett naudsynt rehabilitering og eventuelt tilbygg.”

Sjølve vedtaket ser slik ut:

“Det vert gjort formell avtale om gjensidig forplikting og samarbeid om undervisning i eit 8-13-løp mellom Hordaland fylkeskommune og Austrheim kommune med utgangspunkt i skulen si noverande plassering i Mastrevikane. Naudsynt rehabilitering vert gjort. Fagtilbodet vert utvikla med utgangspunkt i det tilbodet skulen gir i dag (Alt. 1)

Hordaland fylkeskommune arbeider mot et tettere samarbeid og involvering rettet mot kommunen i Nordhordland og Sogn og Fjordane (Gulen/Solund)”

Konklusjon

Hordaland fylkesting sitt vedtak om 8-13 skule i Austrheim vert lagt til grunn for å starte arbeidet med å etablere eit gjensidig forpliktande samarbeid mellom Austrheim kommune og Hordaland Fylkeskommune. Dette samarbeidet skal vere knytt til undervisning i eit 8-13 løp, og leggje eit godt grunnlag for at alle elevane skal kunne gjennomføre vidaregåande skule.